



Morgan Kristen Birtilid Waage
Hundvinsvegen 57
5956 HUNDVIN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2441 - 19/27888

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

17.09.2019

Avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 56/28 Hundvin

Tiltak: Avkjørsle
Byggjestad: Gbnr: 56/28 Hundvinsvegen 57
Tiltakshavar: Morgan Kristen Birtilid Waage
Ansvarleg søkjar: MORGAN KRISTEN BIRTILID WAAGE

Delegasjonssak nr.: 520/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for etablering av ekstra parkerings-/oppstillingsplass for bil, datert 02.09.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Søknad om utvida avkjøringsløyve frå kommunalveg, Hundvinvegen, for etablering av ekstra parkerings-/oppstillingsplass på delar av hagearealet til bustaden.

Vurdering/drøfting:

Slik avkjørsle ligg i dag, tilfredstiller den ikkje kravet til utforming og siktforhold i samsvar med lovverket for avkjørsler. Eit løyve om utvida bruk for å etablere nytt parkeringsareal med avkjøring frå kommunal veg vil difor medføre stenging av dagens avkjørsle når den nye er på plass. Det vil i så fall medføre at garasje ikkje lenger kan nyttast.

Vegavdelinga var på synfaring saman med eigar av gbnr 56/28 17. september 2019. Ulike løysingar vart diskutert og eigar ville sjå på korleis han kan nytte arealet på tomta betre slik at avkjørsle, slik den ligg i dag, ikkje vert endra.

Samandrag/konklusjon:

Utvida avkjøringsløyve, slik det i søknaden er lagt fram, vil ikkje bli godkjent med utvida avkjøringsløyve mot den kommunale vegen.

Dersom mur langs hagearealet mot den kommunale vegen ikkje vert fjerna, kan hagen nyttast for oppstillingsplass av mindre utstyr som tilhengar eller liknande, dersom desse ikkje er til hinder for siktforholda i Hundvinvegen. Ein slik bruk vil ikkje medføre endra bruk av dagens avkjørsle slik den ligg i dag.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vedtak:

Lindås kommune gjev avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Avslaget er gjeve etter følgjande vilkår:

- Dagens avkjørsle er ikkje opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Morgan Kristen Birtilid Waage

Hundvinsvegen 57 5956

HUNDVIN